



OSTERØY INDUSTRILAG

v / Industrikonserntanten på Osterøy
5282 Lonevåg

Telefon 56 19 22 70
Telefaks 56 19 21 01
e-post larsmjøs@online.no

ÅRSMELDING FOR ARBEIDSÅRET 2002

MEDLEMSMØTE

16.1.03 hadde me medlemsmøte hjå **Sjøkanten Miljø AS**. Der fekk me høyre om overgangen frå møbelprodusent til forhandlar. Etter initiativ frå medlemmer fekk me **BKK Nett AS** til å orientere om årsaka til alle straumbrot og kva rettar me som kundar har og kva som vert gjort for å betre situasjonen. **Rasken Transport AS** presenterte tilbod om forsyning av verksemdene med emballasjemateriell.

25.2.03 hadde me medlemsmøte hjå **HSD** i Lonevåg. På medlemsmøtet 16.1.03 vart spørsmålet om endra køyremønster for HSD sine **godsruter** på Osterøy teke opp. Styret drøfta dette i det etterfølgjande styremøtet og inviterte HSD Transport AS til drøftingsmøte. Konklusjonen vart at HSD Transport AS ser på moglegheiter for omlegging av 1 eller 2 av dei 3 rutene (til å starte frå Bergen om morgonen). På møtet orienterte forbundsleiar Geir Helge Johnsen i **Bedriftsforbundet** om saker dei arbeider med.

”Industrielagsnytt” hadde ingen utgåver i 2002.

3 STYREMØTE

Styret har hatt 3 møte (4.4., 15.10., 4.2.03).

Eimund Øvsthus vart i det første styremøtet attvald som nestleiar.

VEGSAKER

Industrielaget har også i 2002 arbeidd aktivt for å betre vegstandarden på Osterøy. Formannen har lagt ned eit vesentleg arbeid med oppfølging av fleire vegsaker.

3 vegstrekningar **mellom Fotlandsvåg og Tysse** vart fullførte. Desse var i utgangspunktet fullfinansierte med kompensasjonsmidlar. Statens vegvesen dekte ikkje ubetydelege overskridingar. Spleiselaget, m.a. med kompensasjonsmidlar, for legging av vassleidning forbi **Gatland** vart også fullført. Det attståande ”**Gatland sør**” er fullfinansiert med kompensasjonsmidlar og midlar frå Statens vegvesen og vert lyst ut på anbod våren 03. Utbetringsarbeida mellom **Lonevåg og Hatland** er i gang. Det var forskottering av kompensasjonsmidlar som utløyste trafikkisikringsprosjektet. Det vart ikkje naudsynt med forskottering. Kompensasjonsstyret har løyvd kr 150.000 som utløyste fullføring av prosjektet med m.a. busslomme på Hatland.

Me har følgd opp arbeidet med reguleringsplan for den nye vegen **Hauge – Lonevåg** og m.a. delteke aktivt på møte om planarbeidet. Reguleringsplanen vert 26.3.03 vedteke lagt ut til høyring. Arbeid med finansiering vert ei av dei viktige sakene for laget i 2003.

Industrikonsulenten har gjennomført ei spørjeundersøking mellom verksemdar innafor Lonevåg som underlag for arbeid med **konsekvensutgreiing for ny veg mellom Tysse og Kallestadsundet**.

I samband med høyringsrunden for kommuneplanen har me teke opp at framlegget om ny trase på ca 600 m for **fylkesvegen mellom Valestrand og Mjelstad Restdeponi**.

KOMPENSASJONSMIDLAR FOR AUKA ARBEIDSGJEVARAVGIFT

Formannen er leiar for kompensasjonsstyret. Nestformannen er medlem i kompensasjonsstyret.

For 2002 vart kompensasjonsstyret tildelt berre vel 1 mill kr. Årleg tildeling t.o.m. 2003 skulle vore ca 10 mill kr. Me har vore aktive i arbeidet for å få inn att desse midlane for både 2002 og 2003, m.a. svarte dei 10 største verksemdene på spørjeskjema om økonomi, men i aller siste runde i Stortinget lukkast ein berre med tilsvarende løyving i 2003 som året før. Kompensasjonsstyret har difor hatt lite midlar å rutte med og har ført ein forsiktig politikk i påvente av avklaring m.o.t. tilgang på midlar.

Formannen og sekretæren deltok i desember 02 på eit fellesmøte for dei 14 kommunane.

OSTERØY VIDAREGÅANDE SKULE

Fylkesrådmannen gjorde hausten 02 i fylkesbudsjettet framlegg om nedlegging av Osterøy vidaregåande skule. Osterøy Industrilag engasjerte seg sterkt i arbeidet for å forhindre dette, og me lukkast. I samarbeid med ei rekkje andre partar la me opp ein strategi der Industrilaget skulle fronte saka. Me sende brev til alle fylkesparti, fylkestingsrepresentantar, hordalandsbenken på Stortinget og til alle regjeringsmedlemmane frå Hordaland. Formannen vart intervjuet i NRK Hordaland laurdag 19.10.02. Nestformannen deltok i delegasjon ved møte med fylkesordføraren, fylkesvaraordføraren og fylkesadministrasjon. Me fekk inn lesarinnlegg i lokalavisene og i Bergens Tidende. Me har og fått omtale i bladet "Utdanning" (nr 28). Fylkestinget vedtok samrøystes å ikkje leggje ned Osterøy vidaregåande skule.

EIGEDOMSSKATT

Eigedomsskatten vart for 2002 auka maksimalt til 4 promille og for 2003 på ny auka maksimalt til 6 promille. Øvre grense går ved 7 promille. I 2003 har me sett døme på at takstnemnda har lagt seg på teknisk verdi for tilbygg, ein verdi som er vesentleg høgare enn marknadsverdien. Dette vert ei oppgåve for det nye styret å følgje opp.

INNSPEL TIL HØYRINGSRUNDEN FOR KOMMUNEPLANEN

Styret har kome med nokre merknader til framlegget til kommuneplan for Osterøy. Me hadde merknader til redigeringa av planen. Me har påpeikt at planen ikkje er klar og konkret nok m.o.t. "vidareutvikling av Osterøy sin særprega næringsstruktur". Når det gjeld ny riksveg Hauge – Lonevåg burde formuleringane vere meir konkrete, m.a. med omsyn til bruk av bompengefinansiering. Ny veg mellom Tysse og Kallestad var ikkje direkte nemnd i utkastet. Me har etterlyst ambisjonar/planar m.o.t. breibandutbygging. Me har etterlyst trasear for ny veg til Røskelandsdalen og ny veg Bysheim – Heldal. Me har og bede om at fleire av dei "framtidige næringsareal" ikkje må omfattast av krav om regulering.

PROSJEKT NÆRINGSAREAL

Dette prosjektet har vore underlag for kommuneplanprosessen. Innspela er i svært stor grad teke omsyn til. Det er aktuelt å følgje vidare opp når arealbruken er avklart i kommuneplanen.

PROSJEKT ”NYSKAPING I SMÅBEDRIFTSMILJØ”

Prosjektet vart våren 01 fullfinansiert med tilskott frå fylket, SND, Osterøy Utvikling og kompensasjonsstyret. Budsjett på 1,8 mill kr. Nestformannen representerer Industrilaget i prosjektstyret. Osterøy Utvikling er prosjektansvarleg. Industrikonsulenten er prosjektleiar. Det vart i 2002 starta opp eit leiartreningsprogram med 12 deltakarar frå 7 verksemder. Det har vore fagsamling om 3 D DAK, men for lite respons på tilbod om trening i programvaren ”Inventor”. Det har vore arbeid med nyskapingstiltak i fleire verksemder. Fleire verksemder og organisasjonar samarbeider om å utvikle bioenergiproduksjon.

BREIBANDSAMBAND

Kompensasjonsstyret og kommunen gjekk saman om utarbeiding av ein breibandrapport. BKK Bredbånd AS har etablert tilbod i Lonevåg. På Valestrand og i Hosanger arbeider BGNett med etablering av tilbod. Einskildverksemder, breibandkomiteen og sekretæren driv påverknadsarbeid for å få etablert tilbod.

INDUSTRIKONSULENTVERKSEMMA

Industrilaget er arbeidsgjevar for Industrikonsulenten på Osterøy, sjå eiga årsmelding/rekneskap. Industrikonsulenten er sekretær for Industrilaget for kr 35.000 pr år. Kommunen løyver årleg 150.000 kr til denne verksemma. Denne løyvinga er og med i kommunen sitt langtidbudsjett.

SKULE/NÆRINGS LIVSSAMARBEID

Sekretæren deltek i eit fast samarbeidsorgan skule/næringsliv. Dette kontaktutvalet skipar m.a. til **utdanningsmessa** der også sist haust fleire av våre medlemmer deltok aktivt. Dekking av leige av Osterøyhallen går på omgang mellom dei 4 tilskiparane av messa. Fleire av våre medlemsverksemder har partnerskapsavtale med Osterøy vidaregåande skule. Samarbeidet om praksisplassar for VKI-elevane i fleire verksemder held fram.

ANDRE SAKER

Me har gitt uttale i samband med framlegg til **reguleringsplan** for **K Lerøy Metallindustri AS**. Me oppmoda m.a. om at det offentlege snarast utbetrar Kårvikskiftet.

Etter innspel på årsmøtet sende me brev til Statens vegvesen om **dårleg vegdekke** på fleire Osterøy-vegar. Me fekk rask respons og dei dårlegaste partia (ca 8 km) vart asfalterte før sommaren.

Etter initiativ frå Osterøy museum deltok laget som aktiv part i samband med **Kystsogeveken**. Følgjande verksemder hadde ope hus: Lonevåg Beslagfabrikk AS, Hanstvedt Møbelfabrikk AS, Mjøs Metallvarefabrikk AS, Tysse Mek Verksted AS og Skisma Produkter AS. Laget dekte kostnadene ved annonsering i lokalavisene. Responsen var beskjeden.

Me har sendt brev til Statens vegvesen med spørsmål om endra praksis i samband med **salting, strøing og brøyting**. Me fekk ikkje svar, men har følgd opp munnleg. Me har og sendt bilete av trailar som stod fast og me vil gjere skriftleg innspel. Offisielt er det no ikkje barvegsstrategi lenger enn til Lonevåg (frå brua og frå ferja). I praksis er det vinteren 02/03

barvegsstrategi til Fotlandsvåg. Planen er at dette vil opphøre neste sesong. Det er slutt på barvegsstrategi mellom Fotlandsvåg og Tysse.

Formannen har delteke ved fagsamling i regi av Nordhordland Handverk- og Industrilag. Saman med Osterøy Utvikling utarbeidde me tidleg på hausten uttale vedkomande grunnkurs og VK1 tilboda ved Osterøy vidaregåande skule.

Styret har vedteke å søkje følgjande internettdomene for laget: www.osteroyindustrilag.no.

Styret har sendt oppmoding til dei politiske partia om å gje realisering av ny riksveg mellom Hauge og Lonevåg topp-prioritet i partiprogrammet.

Me har i meldeperioden hatt eit aktivt samspel med **lokalpressa** og mange av våre saker har hatt god dekning.

E-post er no ein av dei viktigaste kanalane for informasjon og kontakt med medlemmene.

ABB, avd. service har meld seg ut av laget.

Følgjande medlemmer gjekk konkurs: Remo Industrier AS, Norlænder AS og Hanstvedt Møbelfabrikk AS. Det er etablert ny verksemd ved dei 2 siste og desse vert inviterte til nytt medlemskap. Me manglar (elles) innbetaling av medlemspengar frå O K Lone AS og frå Osterfjord Sea Products AS.

Industrilaget har **36 medlemsverksemd** med **775 tilsette**.